

## SAMHANDLINGSAVDELINGA

Sunnmøre regionråd  
Ror  
Orkide

Vår ref.: 2016/1076 -0- 7642/2016  
BVT

Dykkar ref.:

Dato: 23.02.2016

**Oppnemning av representantar frå kommunane til fast akuttutval**

Eg viser til samhandlingsavtala mellom kommunane og helseføretaket. Vedlagte delavtale 11 omhandlar «Omførendte beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden» og rår til at det blir oppnemnt eit fast akuttutval med tre representantar frå helseføretaket og ein frå kvar av regionråda.

Oppnemning av representasjon til fast akuttutval blei handsama i siste møte i Overordna samhandlingsutval, jfr vedlegg. Overordna samhandlingsutval fatta slikt einstemming vedtak:

- 1. Overordna samhandlingsutval ser det som viktig at det blir oppretta eit fast akuttutval slik det gjeng fram av delavtale 11 i samhandlingsavtala mellom helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal.*
- 2. Overordna samhandlingsutval tilrår at følgjande personer blir oppnemnt som faste representantar til utvalet: Seksjonsoverlege AMK Per Christian Juvkam, beredskapssjef Hans Olav Ose og seksjonsleder ambulanse Geir Grimstad.*
- 3. Overordna samhandlingsutval ber om at det går ei oppmoding til regionråda om ei snarleg oppnemning av representantar til akuttutvalet. Overordna samhandlingsutval tilrår at den som blir oppnemnd har eit leiaransvar i høve til kommunal legevaktfunksjon.*

Eg ber no om at kvart regionråd snarleg oppnemnar ein representant i samsvar dei tilrådingane som blei gitt av Overordna samhandlingsutval.

Eg ser fram til å høyre frå dykk.

Vennleg helsing

Britt Valderhaug Tyrholm  
Samhandlingssjef

